



Gamle utgåver av Grenda er blant kjeldene til boka til Tor Bringedal. Torsdag kjem forfattaren til Uskedalen.

Etter at Tor Bringedal i fjor gav ut bok om Kvinnherads-historia frå 1837 til 1945, er han no komen med oppfølgjaren. Denne boka tar for seg det som skjedde i perioden frå 1945 og fram til 1965. I boka er det mykje interessant stoff også frå Uskedalen. Torsdag f.k. kjem forfattaren til Gamleskulen og presenterer boka.

I samband med bokkvelden i Gamleskulen har Bringedal lagt ut følgjande melding som vi saksar frå heimesida hans, www.tor-bringedal.com:

- Torsdag 10. desember kl. 19:00 inviterer eg til bokkveld i Uskedal der eg vil fortelja om boka, 'Kvinnherad 1945-1965. Omvelting'

I boka er det sjølvstøtt mykje stoff direkte knytt til Uskedal og uskedelingar, men som gode, historieinteresserte kvinnheringar, er folk i Uskedal sjølvstøtt opptekne av alt som rørte seg i kommunen i denne tjuetårige etterkrigsperioden. Fleire uskedelingar spelte sentrale roller både i striden om kraftforsyninga, ved fleire av kommunevala i denne perioden, i den kommunale handsaminga av industrietableringa på Husnes og ikkje minst i den langvarige saka om endringa av kommunegrensene. Utanom desse sakene hadde Uskedal 'sine egne interne kampsaker' som t.d. plasseringa av den nye skulen, etablering av eit bygdesentrum og ny riksveg gjennom bygda. Mange vil hugsa fleire av desse sakene, og dei som er for unge til det, bør sjølvstøtt setja seg inn i historia for den perioden som la grunnlaget for det moderne Kvinnherad i dag. Bokkvelden er sjølvstøtt open for interesserte frå nabobygdene også.

Eg kjenner Tor Bringedal som ein særdeles god munnleg formidlar. Derfor vert det heilt sikkert eit svært interessant og lærerikt føredrag i Gamleskulen komande torsdag. Dette burde vera av interesse og falla i smak hos svært mange.

Altså: Gamleskulen, torsdag 10. desember kl. 19.00.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Grenda